



Registrering av kritiske punkt for Vaksvikelva og Ørskogelva



Rapport

Innleiing

Ørskog kommune fekk tilsegn på tilskot frå NVE til å kartlegge **Vaksvikelva og Ørskogelva**.

(Referanse NVE 201801233-40 datert 19.04.2018) Kartlegging skulle identifisere kritiske punkt frå elver og bekker. Kartlegging er utført i samarbeid med teknisk eining, oppsynsmann og kommuneplanleggar. Folkehelsekoordinator har bidrege til kartlegginga både med å samle inn data og sette planleggar i kontakt med personer som har kjennskap til dei ulike områda. Designer Runa Klock har bidrege med visualisere kritiske punkt på kart. Det vart naturleg å ta med utløp som kritiske punkt for elvene frå nord med **PeLarselva** og **Wensellelva** som går i rør gjennom Europavegen. PeLarselva har forårsaka skade på bustadhus fleire gonger ved overgang frå open elv rør inntaket. Fleire av punkta som er teke med i rapporten kan potensielt vere flaskehalsar ved stor vassføring og bør haldast under oppsyn med jamne mellomrom. Nokre plasser må masse fjernast og andre plasser vil elvene gå over sine bredder utan at det er til skade for mennesker eller materielle verdiar. I Sjøholt sentrum går elvene over i rør og utløpet går i småbåthamna som ligg vest for sentrum. Utløpet inst i småbåthamna er kopla saman for fleire av elvane i nord og har høg vassføring ved flaum. Når det gjeld austlige del av Ørskogelva er det ikkje kome fram at det er kritiske punkt før ein kjem vest til Rashølen. Kristiske punkt er merka frå Rashølen og fram til elvemunning. Vaksvikelva har mindre kritiske punkt og vi har valt difor å kartlegge kritiske punkt der Vaksvikelva forgreiner seg.

I tillegg har vi sett på Vestre og Sølørddalvassdraget. Elva på Vestre har ingen problem, utover noko i nedre del. Der fløymer elva utover skog og mark, men det er ikkje øydeleggande. Det er bygd ei kvelving under brua (ved riksvegen) som gjorde løpet trongare, men det hadde gått bra så langt. Solørddalvassdraget har eit kritisk punkt der elva kryssar vegen, men ingen skader er registrert etter utbetring for ein del år sidan. Vatnet fløymer utover markane og set dei under vatn.

Kartlegginga vil vere eit viktig dokument i nye Ålesund, for drift og vedlikehold, og for å redusere skader som følgje av flaum og stomflo.

Cecilie Solli
planleggar
Ørskog kommune.



Flaumvassføring

Nedbørsfelt og areal som er kartlagt er vist på kart for dei ulike områda, og koordinatfesta.


Kvart av områda er dokumentert med bileter. Kartlegginga gjeld kritiske punkt for Vaksvikelva og Ørskogelva. Det er teke med flaumvassføring frå dei mindre elvane nord for europavegen, med fokus på kritiske punkt i overgang frå open elv/bekk til rør. Stadar som er kartlagt er koordinatfesta og dokumentert med bileter. Det er kommentarfelt til høgre for bileta der det er knytt viktig informasjon for å hindre ein framtidig flaumsituasjon. Tiltak kan vere både konstruksjonsmessige tiltak og vedlikehald, som til dømes tilsyn på desse punkta. Ørskog kommune har ikkje tiltak og vedlikehaldsplan per d.d. Rapporten kan nyttast til utarbeiding av tiltaksplan for dei punkta som er kartlagde. I sentrum er fleire av dei kartlagde kritiske punkta knytt til bekkeinntak og røyr gjennom veg. Flaum i desse områda kan også føre til at undergangen vert stengt, dette vil hindre mjuke trafikantar å krysse Europavegen mellom nord og syd.

Måsøyra aktivitetspart som vist på bildet ovanfor ligg nord for elvemunningen til Ørskogelva. Arealet ligger innan faresonen for stormflo.

Havnivåstigning

Utfordringa for Sjøholt sentrum er meir enn flaum frå elver og bekker. Havnivåstigninga er stipulert så stor i 2090 at havnivået vil oversvømme heile sentrum. Stormflo kombinert med stor vassføring frå elver og bekker vil difor vere svært kritisk for sentrum. Stormflo i seg sjølv vil føre til store øydelegingar, om stormflo og stor vassføring inntreff på same tid vil dette vere dramatisk. Verdiane for 20- og 200-årsstormflaum for Sjøholt sentrum er lagt inn for å vise at havnivåstigning er ei utfordring som må takast på alvor.

20-års stormflaum stipulert 2090 er vist på kart under



200-års stormflaum stipulert 2090 er vist på kart under



Hyppigere og høgare stormfloer i framtida - konsekvensar



Kor mykje havnivået langs norskekysten vil endre seg fram mot år 2100 er rekna ut i ein

rapport frå 2015. Rapporten er laga av Kartverket og Bjerknesenteret på oppdrag frå



Miljødirektoratet. Den gjer greie for korleis havet kjem til å stige langs norskekysten i dette

år hundret og korleis det vil verke inn på vasstanden under stormflaum. Statens kartverk har

illustrert havnivåendringar som vist på bileta under.



Vaksvikelva







Vaksvikelva - kritiske punkt

Punkt	Stad	Kritisk punkt	Flaumutsett område	Skadereduserande tiltak
1	Elveutløp	Ikkje kritisk	Nei	Tilsyn
2	Kraftstasjon	Ny i 2018	Ny i 2018	Tilsyn
Bru mellom 2/3	Vaksvikbrua	Bru over Fylkessveg 650	Ikkje registrert	Tilsyn
3	Hjellereiten	Oversvømt punkt på 50-tallet	Ikkje registrert sida 50-tallet	Tilsyn
4	Elv Mysenylen og Grynlyen	Tilløp elv frå nord	Ikkje registrert	Tilsyn
5	Bekk frå Hallvarsæter	Gardsbruk	Ikkje registrert	Tilsyn
6	Bekk frå Sollisætra	Tilløp elv frå nord	Ikkje registrert	Tilsyn
7	Bekker frå Hjellsætra, og Grønlia	Tilløp fleire elver	Ikkje registrert	Tilsyn

Vaksvikelva - posisjon for kritiske punkt

Punkt nr.	Posisjon	
1	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6926139.69 Øst: 391128.54	Elveutløp i havet i Vaksvika
2	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6926154.06 Øst: 391545.93	Ny privat kraftstasjon 2018
3	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6926264.24 Øst: 391854.91	Oversvømt på 50-tallet, ikkje registret som kritisk punkt seinare
4	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6926430.91 Øst: 393133.61	Tilløp frå elv i nord
5	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6926228.43 Øst: 393542.89	Gardsbruk og dyrkamark syd for elva
6	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6926120.73 Øst: 394742.70	Tilløp frå elv i nord
7	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6925937.63 Øst: 395593.56	Tilløp frå fleire elver i Øst

Bileter


	<p>Vaksvikelva ligg djupt i terrenget med gode elvekantar. Dei kritiske punkta som fanst i elva er kartlagt og utbetra i samband med bygging av kraftverket i perioden jan. 2017 til nov. 2018. (Kjelde Arve Ørskog)</p>
	<p>Brua over Vaksvikelva, svært god kapasitet/øpning. Bru over Vaksvikelva, FV 650 mellom Sjøholt of Stordal.</p>
	<p>Like oppom krafverket. Kritisk punkt for gåande, ikkje for vassgjennomstrøyminga</p>
	<p>Nedre del av Vaksvikelva, elveløpet i sjø. Vid øpning med høge elvebarer.</p>

Det er ikkje registret kritiske områder i Vaksvikelva av nyare dato. Det er registert punktviks i tabellen funn og områder ein bør vere merksam på. Landbrukssjefen viser til stort aktivt gardsbruk syd for pkt. nr.5, men det er ikkje registrerte skadar frå elva til gardsbruket. Nytt privat kraftanlegg er godkjent med eigen konsesjon, tidlegare kritiske punkt er utbetra ved utbygging av kraftverket. Det er ikkje lagt ved bileter av kartlagte punkt på den austligste delen av Vaksivkelva.

Ørskogelva

Ørskogelva er delt opp i Ørskogelva aust/Valgermo/Giskemo og Ørskogelva vest/Sjøholt sentrum. Elveløpet mellom dette arealet aust ved Valgermo og vest/sentrum er det ikkje gjort registreringar eller funn for i denne kartlegginga.

Ørskogelva aust/Valgermo/Giskemo



Ørskogelva aust/Valgermo/Giskemo kritiske punkt

Punkt	Stad	Kritisk for overflauming	Flaumutsett område	Skadereduserande tiltak
1	Valgermo vest	Ja	Ja	Tilsyn
2	Valgermobrua	Ja og isgang	Ja	Tilsyn
3	Aust for brua	Ja og isgang	Ja	Tilsyn, og fjerne masse som vert fylt opp gjennom vassføring
4	Voll aust for brua	Ja	Ja	Tilsyn, og fjerne masse som vert fylt opp gjennom vassføring
5	Rashølen	Ja, som følgeskade vestover i elva	Ja, og skredutsatt	Tilsyn



Ørskogelva aust/Valgermo posisjon for kritiske punkt



Punkt nr.	Posisjon	
1	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929152.06 Øst: 389602.60	Behov for opprensning og utviding
2	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929168.84 Øst: 389867.82	Valgermobrua, mykje stein og grus samlar seg i dette området og gjer at is kan hope seg opp.
3	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929239.14 Øst: 389942.11 Bygningsnr 10235154	Skade som følge av isgang 2010, bileter frå skadeomfanget er vedlagt rapporten.
4	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929232.82 Øst: 390031.85	Voll som bør utvidast, utvidinga bør planleggast frå vollen og vest til brua.
5	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929640.80 Øst: 390253.28	Rashølen – Issamlingspunkt

Valgermo er eit området som det kan samle seg opp is gjennom vinteren og kan skape store problem som bileta også syner. Mykje stein og grus samlar seg i området gjennom heile året og det bør utarbeidast ein vedlikehaldsplan for området for å unngå framtidige skadar.




Bileter



	<p>Pkt. 1 vest for brua. Området vest for brua med behov for opprensning og utviding er vist ovanfrå.</p>
	<p>Bilete er teke på brua og viser elva mot vest og demning.</p>
	<p>Giskemobrua. Oversiktbilete med areal aust og vest for brua. Demninga vest for brua gjer at is og snø samler seg og bygg seg opp til isgang.</p>
	<p>Valgermo/Giskemo-brua. Stor opning, men ved isgang vil isen/snøven stoppe opp og skape problem aust for brua som vist på bileta under.</p>
	<p>Brua og området aust og vest sett ovanfrå. Elva slynger seg rundt industriområdet. Avbøtande tiltak på området er ikkje utført.</p> <p>NVEs referanse: 201100052-23 - syner oppsummering av synfaring 07.10.14 og forslag om avbøtande tiltak i høve isgang.</p>



	<p>Valgermo industriområde nord for brua. Bilder av skader etter isgang i 2010. Bygget ligger nord for pkt.3. Det er tatt med fleire bileter av dette området p.g.a. store skader som følge av isgang.</p> <p>Det er bileter frå 2010, 2011, 2016 og 2018.</p>
	<p>2010</p>
	<p>2010</p>
	<p>2010</p>

 <p>2011</p>	<p>2011</p>
<p>2011</p>  <p>2011</p>	<p>2011</p>

	2011
 	2011
 	2011

	<p>Januar 2016. Skadereduserende arbeid vart sett i gang og det vart unngått å få skade på næringsbygg.</p>
	<p>Desember 2018, ikkje skade eller isgang når bilete vart tatt.</p>
	<p>Kart er vedlagt rapport forslag til tiltak etter skade frå NVE. NVEs referanse: 201100052-23 - syner oppsummering av synfaring 07.10.14 og forslag om avbøtande tiltak i høve isgang.</p>

	<p>Voll vist med pkt. nr.4. Mindre sideelv kjem ut, ope område, men problem med frysing. Voll bør utvidast. Areal må renskast opp slik at elva kan renne fritt utan å lage nye elveløp som følge av opphopning av masse.</p>
	

	<p>Ved Rashølen, pkt. nr5. Punktet lengst mot aust som er kartlagt som kritisk punkt i Ørskogelva. Trangt elveleie, kan lett tettast til. Mindre sideelv kjem ut, viser på andre bildet. Rashølen er også utsett for skredfare.</p>
	

Ørskogelva vest/Sjøholt sentrum



1. Kritisk punkt som har vore tett fleire gongar. Gir vatn i bygga i aust.

2. Utsatt område ved flom

3. Utløp frå elvar i rør

4. Inntak Wenseelva

5. Undergangen. Rør og gangveg

6. Pumpestasjon koblar seg ut ved flom

7. Kum som fylles med sand

8. Kritisk inntak på Pelaselva. Rist tatt bort. Husa aust for inntaket oversvømd ved flom.

9. Oppsamlingsplass for masse frå aust og vest. Manglar vedlikeholdsplan

10. Kritisk område ved flom

11. Faresone flom utan tiltaksplan

12. HVPU bustad og elvas-ti. Utsatt for flom og utgraving frå elv.

— Bortskylt masse reparert
— Bortskylt masse ikkje reparert

Ørskogelva vest/Sjøholt sentrum kritiske punkt

Punkt	Stad	Kritisk punkt	Flaumutsett område	Skadereduserande tiltak
1	Vest for småbåthamna	Utløp til sjø frå bekk nord for E39	Fare for flaum i bygg nord for E39 om røret vert tett	Sikre opnet løp i røret
2	Ørskog Catring	Terreng	Ved flaum vil vatn bevege seg til kjeller i næringsbygget	Sikre ope løp vist til i okt.1
3	I småbåthamna	Utløp i sjø	Ved tett rør kan vatnet hope seg opp ved pumpestasjon, undergangen og inntaket for Wensell og Pelarselva	Sikre open løp i røret
4	Aust for Coop-butikken, Sjøholtbrua	Bru over veg og rør frå Wensellelva	Dersom bruaopninga vert tett, eller skulle ha rasa saman vil vatnet flyte andre vegar. Røringang kan bli tett, eller skade på rør fram til utløp i havet	Bruinspeksjone, Rørinspeksjon. Vedlikehald for å fjerne det som kan hindre gjennomstrauming. Gitter førar røringang bør vurderast.
5	Undergang E39	Ja, einast kryssningspunkt over E39	Ja, som følgje av flaum	Tilsyn
6	Pumpestasjon vest for Kulturhuset		Ja, som følgje av flaum	Tilsyn
7	Kum syd for E39	kum	Ja, som følgje av flaum	Tilsyna
8	PeLarselva	Inntak	Ja	Tilsyn, ny rist
9	Nord for Kirka	Utløp Ørskogelva til havet	Oppsamling av masse kan gi stor motstrømsføring av vatn og auke flaum fare i elvastien	Reinske utløpet for masse, oppsyn
Bru	Kyrkjebrua	Brua/bruaopning	Ikkje vurdert som kritisk	Bruinspeksjon
10	Aust for Kyrkjebrua	Vassledning/areal nord for elva	Areal nord for elva kan vert overflauma ved tor vassføring. Skade på vassledninga kan gi skade på vatn til forbrukar	Reinske elva for masse i avmerka område
11	Del av elvastien vest	Spillvassledning	Skade på leidning til spillvatn gir forurensing,	Tilsyn

12	Del av elvastien aust	Bygg syd for elva	Bygga kan bli skada ved stor vassføring og skader langs elva som leiar vatne nye vegar	Tilsyn
Bru	Steinholtbrua	Brua er del av Storfjordvegen aust på kartet	Ikkje vurdert som kritisk	Tilsyn

Ørskogelva vest/Sjøholt sentrum posisjon for kritiske punkt

Punkt nr.	Posisjon
1	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929836.72 Øst: 387084.36
2	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929871.80 Øst: 387149.04
3	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929798.35 Øst: 387211.53
4	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929893.72 Øst: 387278.40
5	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929840.01 Øst: 387308.00
6	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929870.70 Øst: 387336.51
7	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929837.81 Øst: 387368.30
8	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929916.74 Øst: 387554.67
9	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929508.93 Øst: 387152.33
10	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929503.45 Øst: 387413.25
11	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929450.82 Øst: 387552.48
12	UTM 32 Euref89 EPSG:32632 Nord: 6929411.36 Øst: 387587.56 Bygningsnr 10237823 Bygningsnr 10237831

Bilete dokumentasjon frå Ørskogelva



Bileter frå brua til elvemunningen i vest



Kyrkjebrua

Kyrkjebrua hadde bruinspeksjon den 14.10.2015 med konklusjon: «Ingen skad er av betydning for bæreevne er påvist. Manglende rekkverksavslutninger gir noe nedsatt trafiksikkerhet. Avløpsrør mangler utkast, dette fører til fuktbelastning i bjelke, som videre medfører forvitring og armeringskorrosjon. Begroing rundt landkar bør fjernes. Løs lysstolpe ved innfestning til rekkverk, bør utbedres.»

	<p>Elvemunning vest mot havet Ørskogelva</p>
	<p>Måsøyra aktivitetspark, nord for elvemunning</p>

Ørskogelva/Elvastien



Elvastien, bilete er tatt frå vest



Nedgang frå Elvastien ved pkt.12



Nedgang til Elvastien frå aust, vest for Steinholtbrua

	<p>Bildet er tatt nord for boligane mot vest ved pkt. nr. 12</p>
	<p>Bildet er tatt nord for boligane mot aust ved pkt. nr. 12</p> <p>Når det gjeld utvasking, er det mest utsette området reparert, men det er spesielt ein plass til det er utsett. Det er rett ovenfor boligane der elva gjer ein ganske krapp sving.</p>
	<p>Bygget på bilete nest til venstre er merka som kritisk området om det vert stormflo eller storflaum ved at vatn kjem frå havet og stor vassføring frå Ørskogelva i aust. Elvastien har vorte skada av stor vassføring ved fleire høver. Skadane er utbetra og vert fylgt opp med vidare tiltak som er planlagt for stiområdet.</p>

	<p>Flaum over Elvastien 2017</p>
	
	
	
	



Det er utført tiltak på Elvastien etter skade.

Forsterka kant: Langs heile denne strekninga var asfalten undergravd og kanten knakk. Kantstein er lagt ned og opninga mellom er fylt med ny asfalt.

Forsterka under: Det er lagt ny asfalt under bord og benkar. Her var den gamle asfalten borte etter flaummen.

Elvastien reparert: Under steinbordet og benkane var asfalten og all massen under fullstendig borte og bord og benkar låg rasa saman nedi dette store hullet. Det same skjedde langs kanten mot elva. Her kom vatnet inn under asfalten og grov ut massen. Kanten mot elva er forsterka med stein og betong. Hullet undet bord og benkar er fylt opp med masse og fylt i betong.

Plastring og asfaltkant: Langs denne strekninga var dei store steinane langs kanten berre feid ned i elva. Vatnet grov ut mindre steinar og jord langs kanten, store hull innover og under asfalten. Ny plastring med stor stein er lagt på og forsterka med betong. Ny asfalt er lagt langs kanten der denne hadde knekt av.



Plastring

Steinholtbrua og kraftstasjon aust for brua

Det gamle kraftstasjonen nord for Steinholtbrua, eit viktig kulturminne å ta vare på. Dette området er ikkje registrert som kritisk punkt. Bilete under viser Steinholtbrua sett frå aust, og neste bilete viser brua frå vest med gangbru. Gangbrua er bygd inntil den ærverdige steinbrua.



Utløp fra elver og bekker nord for europavegen

Utløp ved småbåthamna vest for sentrum og syd for E39. Utløp fra Wensellelva og PeLarselva.

 A photograph showing a small boat harbor with a stone wall and buildings in the background, viewed from the south.	<p>Småbåthamna sett fra syd</p>
 A photograph showing a stone wall and buildings in the background, viewed from the north, with a tractor visible in the foreground.	<p>Rør til sjø</p>
 A photograph showing a harbor with several boats docked, viewed from the south, with buildings in the background.	<p>Røra ligg syd for landgang til gjestebrygge</p>

Undergang gjennom E39




Vår 2018



Utbetra hausten 2018

Overgang frå open elv til rør Wensellelva



Det er ikkje rist på rørinntaket som viser på bilete. Bilete er tatt frå brua mot syd.



Bilete frå brua mot nord, open bekk/elv


Overgang frå open elv til rør PeLarselva

 A photograph showing a wooden bridge structure over a stream. The bridge is made of logs and has a concrete culvert underneath. The surrounding area is grassy with some brush.	<p>PeLars-brua som er ei platrbru/steinheller vart inspisert den 14.10.2015. Konklusjonen: «Kulvert med landkar i stein og plate av steinheller. Åpning med stålgitter oppstrøms. Videreført i ca. 250 m lang betongkulvert under bakken nedstrøms til sjøen. Betongkulvert har enkelte sprekker og punktvis avskalling av betong, foreløpig ikke alvorlig. Rist v/åpning er fjernet, ny rist bør etableres for å hindre adkomst, samt hindre at kulvert tettes innvendig.»</p>
 A close-up photograph of the concrete culvert, showing significant cracking and peeling of the concrete surface.	<p>Betongkulvert inspisert okt.2015</p>
 A photograph of the culvert entrance, showing a metal grate and a concrete structure. The area is surrounded by grass and some debris.	<p>Bilete 2018, rist foran inntak er fjerna</p>

	<p>PeLarselva mot nord. Open elv/bekk</p>
	<p>Inntak sett ovanfrå</p>

Flaumsonekart Sjøholt sentrum

Flaumsonekart for Sjøholt sentrum kor det er limt inn utsnitt fra aktsomhetskartet til NVE. Kartet viser en grovt genererte flaumsoner langs Ørskogelva, PeLarselva, Wensselvelva og sentrum. Kartet er automatisk generert, og er ikke nøyaktig. Kartet illustrer at Sjøholt sentrum er utsett for flaum frå bekker, elver og havet.




VA-kart for Sjøholt sentrum.

VA-kartet knytt opp til kartlegginga av kritiske punkt. Kartoversikt er utarbeidd av oppsynsmann og syner drift og vedlikeholdsplan for kritiske punkt som er kartlagt i Sjøholt sentrum for VA-nettet.

Flaumkartet ovanfor viser at ved flaum vil heile VA-nettet i Sjøholt sentrum vere kritiske punkt.

Pumpeasjon nord for E39 og aust for F104 vil kunne bli satt ut av drift i ein flaumsituasjon.

Silanlegget sydvest på kartet vil også kunne bli satt ut av drift av flaum, medan ei stormflo vil heilt klart sette den ut av drift.



Punkta merka A- E er tiltak som bør prioriterast som er øverført frå VA-kartet på førre side.



1. Kritisk punkt som har vore tett fleire gongar. Gir vatn i bygga i aust.

2. Utsatt område ved flom

3. Utløp frå elvar i rør

4. Inntak Wenseelva

5. Undergangen. Rør og gangveg

6. Pumpestasjon koblar seg ut ved flom

7. Kum som fylles med sand

8. Kritisk inntak på Pelaselva. Rist tatt bort. Husa aust for inntaket oversvømd ved flom.

9. Oppsamlingsplass for masse frå aust og vest. Manglar vedlikehaldsplan

10. Kritisk område ved flom

11. Faresone flom utan tiltaksplan

12. HVPU bustad og elvas-ti. Utsatt for flom og utgraving frå elv.

↳ Bortskylt masse reparert

↳ Bortskylt masse ikkje reparert

TILTAK SOM BØR PRIORITERAST

A. Ordne drenering fra vasskum

B. Skifte vasskum

C. Skifte vasskum

D. HMS tiltak på silanlegg

E. Skifte vasskum

Skredutsette området

Ørskog kommune har ikkje fått kartlagt skredfare, vi tar derfor utgangspunkt i aktsomheitskarta frå NGU og NVE og innhenta lokalkunnskap.

Langt oppe i Ørskogelva er det registrert fare for skred frå Giskemonibba som kan gå ut i elva. Lokalt reknar ein det ikkje som sannsynleg at slike skred vil nå elva, dette er derfor ikkje merka av som kritisk punkt.

Rashølen er kritisk punkt også pga skredfare.

På Lande er det områder med kvikkleire kombinert med mykje vatn i grunnen (oppkommer).

Massetak kan endre stabiliteten og dermed bidra til utgliding og oppfylling av elveløp. Der er sandtak ved Ekornes/Hegredalen, men truleg med tilstrekkeleg avstand til elva. I Arnedalane er det fylt på med mykje masse ut i elvedalen på gnr. 96 bnr. 5, her kan det også vere fare for utgliding. Dette er ikkje markert som kritisk punkt, men bør kartleggast nærare.

I Vaksvika er der registrert skredfare frå Torskloven og Skardalen, desse kan i verste fall nå elva og forårsake flaum.

Dei mange usikre områda understrekar viktigeita av at Ørskog blir prioritert ved revisjon av NVE sin plan for skredfarekartlegging. NVE -kartlegging vert lagt til grunn for skred-områder.



Skred syd for Elvastien mellom punkt nr.12 og Steinholtbrua



Skred utløyst
10.12.2018, årsak ikkje
kjent. Rapportert skade
frå oppsynsmann.



Avslutning

Rapporten skal vere eit levande dokument, og vil bli ajourført når vi får inn nye opplysningar.

Kartlegging av kritiske områder skal nyttast i vidare arbeid med tanke på tiltak som bør setjast i verk for å redusere skader, og som grunnlag for tiltaks- og driftsplan. Rapporten vil også vere eit nyttig reiskap i nye Ålesund når Ørskog kommune blir ein del av Ålesund frå 01.01.2020.

Kartlegginga har satt fokus på det viktige arbeide med kartlegging av flaum og skred for å redusere skader i Ørskog kommune i framtida.